



Fylkesmannen i
Hordaland



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Inspirasjonskonferanse for 8 kommunar i Nordhordland Austevoll 7. – 8. mai 2014

Aktive kommunar – Attraktive lokalsamfunn Rapport




Bekkjarvik

LUK – lokalsamfunnsutvikling i Hordaland – partnarskapen; Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Noreg inviterte til inspirasjonskonferanse 7.-8. mai. Ordførarar, rådmenn, regionsrådsleiring, samfunnsplanleggjarar i dei 8 inviterte kommunane var samla i 2 dagar i Austevoll med eitt fokus: Lokalsamfunnsutvikling.



Samtalane mellom deltakarane starta alt på ferjekaien og heldt fram på ferja.



Øycommunen Austevoll med 667 øyar og knapt 5000 innbyggjarar



Austevoll er og vil vera ein marin kommune med ei sterkt havgåande fiske- og offshorenærings, - og med hurtigbåt direkte til Bergen sentrum

Kommunen er stolt av verdsmeisterkokken Ørjan Johannesen på Bekkjarvik Gjestgiveri. Helge André Njåstad viser fram pokalen frå 2012, meisterkokken sjølv var i Stockholm og deltok i Bocuse d'Or Europa



INNLEIINGAR

Fylkesdirektør for regional utvikling **Bård Sandal** innleia og peika på arbeid i partnarskap, og kor viktig det er for resultatet at aktørane samarbeider. Han peika og på kor viktig det er å løfta fram eldsjelene på ulike nivå. Vidare fokuserte Sandal på effektiv og målretta bruk av verkemidlar, og framheva at Hordaland fylkeskommune ønskte å vera ein aktiv medspelar for kommunane.



Næringsjefen i Hordaland fylkeskommune **Mette Nora Sætre** orienterte om ny Regional næringsplan og fokuserte på at fylkeskommunen vil bidra til å heva kompetansen. Samtidig peika ho på at det er mykje kompetanse om lokalsamfunnsutvikling i kommunane, og at målet med samlinga er å læra av kvarandre og inspirera kvarandre.

Nytilsett kommunalsjef i Austevoll **Ruth Larsen** beskrev sitt fyrsteintrykk av kommunen som ja-kommune, ein kommune ho hadde søkt seg til av denne grunn – og som ho kunne stadfesta var ei rett beskriving.


Helge André Njåstad, tidlegare ordførar i Austevoll, men framleis medlem av formannskapet, og no leiar av Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget ønskte velkommen til kommunen og innleia om arbeidet med lokalsamfunnsutvikling i Austevoll. Han starta med eit tilbakeblikk til 1957 då sildebestanden kollapsa og gav store utfordringar til Austevoll-samfunnet. At Austevoll hadde lukkast med mykje forklara han med «Få-til-faktorar». Særleg peika han på at kommunen hadde satsa på å vera ein marin kommune, med tydeleg og gjennomgåande fokus, - mellom anna marin barnehage. Og at ein hadde fått til eit godt samarbeid mellom kommune, næringsliv og private som var avgjerande for den positive utviklinga.



Tidlegare ordførar i Austevoll Helge André Njåstad, no leiar i Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget var vert og orienterte om arbeidet med samfunnsutvikling i kommunen. Med som assistent hadde han sonen Oliver.

Rundt tusenårsskiftet var kommunen på ROBEK-lista. No har kommunen hatt pluss i rekneskapen i 9 år. Kommunen sette seg tydelege mål, erkjente utfordringane og brukte kompetent hjelp – og hadde eit godt samarbeid og samspel mellom politisk og administrativ leiing.

Innbyggjartalet nærmar seg no 5000 og det er ein årleg vekst på rundt 3%. Kommunen investerer, mellom anna i omsorgsbustader og skular. Konkurranseutsetjing av omsorgstenester har gitt kommunen auka handlingsrom. Ny nasjonal fiskerihamn som vert ferdig 2015/2016 er viktig infrastruktur for næringslivet. Satsing på kultur og på «overskriftskampanjar» i staden for «underskriftskampanjar» har vore gode tiltak.



Austevoll er stolt av bruene sine!

Som leiar av Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget og saksordførar for Kommuneproposisjon 2015 gav Njåstad litt informasjon om kva som er venta framover:

- Vekstcommuane får meir i 2015 - ut ifrå eige nivå, ikkje landet sitt.
- Selskapskatten vert fjerna, ikkje i 2015, kanskje i 2016. Skapte inntekter lokalt skal gi inntekt lokalt.
- Nye kostnadsnøklar for fylkeskommunane i 2015 (omlegging av inntektssystem) - Ventar mykje debatt - vinnarane er dei på «Gullkysten»
- Revisjon av inntektssystemet for kommunane i 2017?
- Vekst i fri inntekter – usikkert enno (håper å sjå 4-tallet. (mrd.))
- Friare skjønnsmidlar skal gje meir handlingsrom for fylkesmennene
- Regeringa vil flytta oppgåver frå fylkeskommune og fylkesmann ned til kommunane.
- Er kritisk til IKS og vil ha oppgåvene tilbake under politisk kontroll.
- Stortingsmelding i 2017 om kommunereform.

Denne rapporten refererer dei moment og innspel som vart presentert av deltakarane gjennom gruppearbeidet. Nokre moment kan vera i motstrid med kvarandre, men rapporten er meint å vera eit grunnlag for vidare arbeid i kommunane og regionen.

KVA ER «FÅ-TIL-FAKTORANE» I AUSTEVOLL? (Observert av kommunane i Nordhordland – gruppearbeid)

Kultur for entreprenørskap/kremmarånd

- Risikovilje/omstillingsvilje
- Nytenkjande
- Stå-på vilje/handlekraft
- Aktive innbyggjarar/dugnadsånd
- Let unge sleppa til
- Kultur for konkurranse
- Ja-kultur
- Frimodige – tek ikkje nei for eit nei
- Bryr seg lite om stat/fylkeskommune

Strategiske val

- Stor politisk påverknad
- Tydelege visjonar og mål
- Klar og tydeleg leiing
- Våge å tenkje stort, og stå samla om strategiske val.
- Framsnakking/rausheit

Erkjenne behovet for endring

- Felles forståing av verkelegheita
- Felles forståing av krise – samling i bånn
- Samde om felles mål
- Fellesskapskjensle/identitet/lojalitet

Alliansebyggjande

- Lokalt – frivillige – næringslivet
- Fylkeskommunen
- Statlege organ (Kystverket)

Kapitalsterk

- Eit sterkt næringsliv
- Godt samspel mellom kommune og næringsliv
- Næringslivet har vilje til å investere og tenke heilsakleg om samfunnsutvikling
- Næringslivet verker positivt inn på politisk og administrativ leiing i kommunen

Marknadsføring / bruke media

- Stoltheit
- Ikkje stille sitt lys under ei skjeppe
- Kultur for å ta fram det positive – ikkje snakke så mykje om det negative



*Prosessleiar Magne Bjørnerud spør og vil ha svar frå grupper:
Kva har vi lært av det vi har høyrt og sett i Austevoll?*



Kommunen inviterte til båttur til området for ny fiskerihamn og til øya Møkster med 60 innbyggjarar



Bjørn Wefring og Helge André Njåstad orienterer om planarar og prosess mot ny fiskerihamn som kjem 2015/2016.



Ordførar Jon Askeland vurderer korleis Austevoll har lukkast med fiskerihamnplanane,

det same gjer ordførar Knut Moe, Øyvind Olsnes og Rune Heradstveit



Njåstad orienterer om situasjonen på Møkster med 60 innbyggjarar - og om kommunale utleigebustader





Gruppa utforskar Møkster der det årleg vert arrangert maraton, - på ei øy med 1 km veg og ei løype på 4 km!

UTFORDRINGAR OG HINDRINGAR FOR EIGEN SAMFUNNSUTVIKLING SLIK NORDHORDLANDSKOMMUNANE SER DET

Engasjement og deltaking

- Manglende motivasjon for deltaking
- Har det for godt
- Manglende dugnadsånd og kjensle for fellesskapet
- For stor fokus på individuelle behov framfor fellesskapet sine interesser

Politiske haldningar/føringer

- Kontrollkultur
- For lite kommunalt sjølvstyre
- For stor statleg påverknad og kontroll
- For mange omkampar
- Tenesteproduksjonen vinn i konkurranse med lokalsamfunnsutvikling
- Svært varierande korleis kommunane arbeider med/prioriterer samfunnsutvikling
- Planar: meir plikt enn mogelegeheter

Leiing

- Uklare roller
- Interne drakampar i kommunane
- Enkelte kommunar er ikkje organisert for å drive samfunnsutvikling
- Ikkje god nok koordinering når det gjeld verkemiddelapparatet
- For stor tiltru til offentlege aktørar kan løyse alle utfordringar
- Mangelfull/utydelig målsetting
- Ulik verkelegheitsforståing mellom politikarar og administrasjon

Økonomi og ressursar

- Svakt næringsliv
- Svak kommuneøkonomi
- Sårbar ved skifte av nøkkelpersonar
- For store/mange oppgåver på for få tilsette
- Uprofesjonelle og ineffektiv aktørar
- Manglende kompetanse
- Rekruttering
- Mangelfull infrastruktur og store avstandar
- Langdryge planprosessar verkar som bremser på gode idear

Kommunikasjon /dialog

- Manglende kommunikasjon mellom ulike sektorar
- Lite hjelpe frå statlege instansar
- Utfordrande kommunikasjon commune og stat
- Konfliktsky
- Utfordrande personskjemi og personkonfliktar
- Manglende dialog med innbyggjarane

Omdøme

- Mangelfull omdømmebygging
- Vinklinga frå lokal presse

POSITIVE EIGNE FØRESETNADER I FORHOLD TIL UTVIKLING AV ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN

Motivasjon og deltaking

- «Alle» ønskjer utvikling – lysten er til stades
- Fokus på å lykkes
- Sterk få-til-kultur
- Stor lokal dugnadsånd
- Engasjerte frivillige
- Fellesskapskjensle – «Det Strilske Fellesskapet»
- Sterkt «hjarte» for lokalsamfunn/kommune
- Aktørane kjem av seg sjølv
- Sterkt næringsliv som bidreg
- Positive prosjekt gjev ringverknader i heile kommunen

Økonomi og ressursar

- Godt lokalt næringsliv
- Vekstpotensiale
- Folk med høg kompetanse
- Robuste fagmiljø
- Næringshagar
- Sterkt reiseliv
- God plassering, nærliek til by
- Naturleg regionsenter
- Levande bygder
- God økonomi -> handlingsrom
- Unge flytter heim

Politikk og holdninger

- Politisk leiing arbeidar godt med samfunnsutvikling
- Politisk semje
- Felles mål
- God politisk stemning
- Stabil økonomistyring
- Nært og godt tilhøve mellom politikarar og administrasjon

Organisasjon og leiing

- Godt organisert samfunnsutvikling
- Etablert arena (regionråd + regionkontor) som gjev gode resultat -> samfunnsutvikling i regionen
- Tenker ut over eigen kommune, heilskapleg
- Større fokus på å få folk til å bli enn å tiltrekke seg folk
- Industriinkubator
- Verdibasert leiing
- God lokalkunnskap
- Felles kommunale løysingar - IKS-/interkommunalt samarbeid

Tenestetilbod

- Gode bukommunar
- Gode kommunale tenester -> gode haldningar -> godt rykte
- Gode støtteordningar
- Vellukka sentrumsutvikling – Fysiske tiltak – møteplassar – aktivitetstilbod
- Gode skular, barnehagar, sjukehus og helsetenester
- Vellukka integrering
- Ungdomssatsing
- Gode samferdselstilbod

Kommunikasjon og dialog

- God dialog m/ regionale/statlege etatar
- Sterkt samarbeid med nabokommunar og regionen elles
- Tett dialog og samarbeid mellom kommunar, næringsliv og fylkeskommune

Omdømme

- Sterk identitet
- Stolte
- Trivsel
- Bulyst
- Positivt omdøme
- Ja-kultur

DRAUMEN – KVA MÅL HAR VI I KVAR VÅR KOMMUNE?



Reidun Sæle Kongsvik og Lisbeth Alvær i gruppearbeid - Anne Hildegunn Færøy og Rune Heradstveit lyttar



Kari Foseid Aakre, Jon Askeland, Aina Isdal Haugland og Per Arve Frøen klargjer draumane

Koldt bordet til lunsj freista, men enno meir fiskesuppa, - der vart det kø!



Inspirasjon i hyggeleg middag på Bekkjarvik Gjestgiveri med kamskjel, villsau og mykje anna godt



Hilde Kathrine Økland underhaldt med song under middagen, Jorun Gjørwad takkar



KVA FOR LØFT MEINER NORDHORDLANDSKOMMUNANE MÅ TIL FOR Å STYRKJA SAMFUNNSUTVIKLINGA?

Kommunane

- Felles mål + milepælar. Få men konkrete tiltak.
- Definere korleis vi kan sikra brei forankring – politisk – administrativt – hos innbyggjarar og næringsliv
- Kompetanseløft
- Tydelig leiarskap
- Kommuneplan / Skulestruktur
- Kompetanse og ressursar til gjennomføring
- Utvikla kommunesenteret til ein knutepunkt nord i Nordhordland
- Tydelig strategi med tydelige mål i kommunen
- Ta godt grep om utvikling gjennom aktiv planlegging
- Ha tilgang på nok næringsareal som er attraktivt
- Våga eitt stort tettstadprosjekt – med heilheitstenking
- Utviklingsfremjande dialog om bustad, småbåthamn, mat, galleri
- Bustadområde m/sjøutsikt og småbåthamn
- Matrise over kommunen – småskala landbruk, lokalmat, reiseliv
- Skapa felles møtearena for å betra samarbeidet mellom kommune og næringsliv
- Køyra prosess i kommunestyret for å skapa engasjement og felles mål
- Kommunestyret må våge å prioritere
- Planverk må gjenspegle politiske mål (og organisasjon)
- Samarbeid offentleg/privat/sivilt
- System for å sikre framdrift
- Meir aktiv politikk for etablering av næring og bustad
- Utviklingskultur inn i kommunal forvaltning

- Etablere/leggje til rette for gode møteplassar
- Byggja eit nytt sentrumsbygg for kommunale og private tenester

Regionen

- Starte prosess for strategi for samfunnsutvikling i Nordhordland
- Skape tydelige grenser mellom kommunale og interkommunale samfunnsutviklingssatsingar.
- U 864 – snu debatten til noe positivt
- Nordhordlandspakke
- Styrka vegutbygging = næring

Fylket

- Tydelegheit frå fylkesnivået på kva dei kan bidra med. Rettleiing/ressursar
- Aktivt samspill med regionalt nivå
- Regionale virkemiddel må tilpassast kommunale behov
- Tettare strategisk dialog mellom kommune og Innovasjon Norge, Fylkesmannen og Fylkeskommunen
- Pleia kontakten med regionale aktørar

Kultur/dialog

- Avsette tid/ressursar lokalt for dialog
- Utvikla ja-kulturen
- Jobbe med innbyggjardialog
- Vere ein profesjonell og fagleg sterk aktør som kan møte utbyggjarar på ein god måte
- Dialogkultur
- Kommunikasjon/dialog må styrkjast
- Tydeleg eigarskap til prosjekt
- Respondere og støtte initiativ og få disse fram til realisering





DELTAKARLISTE

Kommune	Namn	Stilling
Austrheim	Per Lerøy	Ordførar
Fedje	Vidar Bråthen	Rådmann
Lindås	Hogne Haugsdal	Rådmann
Lindås	May Eva Sandvik	Varaordførar
Masfjorden	Karstein Totland	Ordførar
Masfjorden	Svein Helge Hofslundsengen	Rådmann
Masfjorden	Aina Isdal Haugland	Samfunnsutviklar
Meland	Nils Marton Aadland	Ordførar
Meland	Ingvild Hjelmtveit	Rådmann
Modalen	Knut Moe	Ordførar
Modalen	Øivind Olsnes	Rådmann
Modalen	Oddvin Neset	Assisterande rådmann
Osterøy	Kari Foseid Aakre	Ordførar
Osterøy	Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Osterøy	Jostein Førre	Ass. rådmann
Radøy	Jon Askeland	Ordfører
Radøy	Jarle Landås	Rådmann
Radøy	Lisbeth Alvær	Kommunalsjef
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	Rune Heradstveit	Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS	Anne Hildegunn Færøy	Samhandlingskoordinator
Austevoll	Ruth Larsen	Kommunalsjef
Austevoll	Bjørn Wefring	Samfunnsutviklar
Austevoll/Stortinget	Helge André Njåstad	Leiar i Kommunal- og forvaltningskomiteen
Distriktsenteret	Trude Risnes	Rådgjevar
Innovasjon Noreg	Per Arve Frøyen	Seniorrådgjevar
HFK	Per Nordmark	Seniorrådgjevar, planeksjonen
HFK	Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
HFK	Mette Nora Sætre	Næringssjef, næringsseksjonen
Magne Bjørnerud AS	Magne Bjørnerud	Prosessleiar
HFK	Jorun Gjørwad	LUK-koordinator, næringsseksjonen

Rapporten er skriven av Jorun Gjørwad og Per Nordmark

Alle foto: Per Nordmark





Utsikt frå Bekkjarvik til vindmølleparken på Fitjarfjellet



Nye bustader i Bekkjarvik – inkludert 15 kommunale omsorgsbustader

